



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
07.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/14572 323
Dykkar referanse
15/2812

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Lovlegkontroll av vedtak PS 2015/51

Vi viser til tidlegare korrespondanse, seinast brev frå Kvinnherad kommune den 30.11.2015.

Vedtak

Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak i sak PS 2015/51 vert oppheva.

Bakgrunn for saka

I konstituerande møte i kommunestyret den 22.10.2015 vart det i sak 2015/51 vald Investeringsutval for perioden 2015-2019. Frå møteprotokollen gjev vi att følgjande:

PS 2015/51 Val av medlemmer til Investeringsutvalet for perioden 2015-2019 Behandling i Kommunestyret den 22.10.2015

KENT ARE K PETERSON(V) sette fram krav om forholdstalsval.

Det vart sett fram 2 listeforslag.

Liste ved val av Investeringsutval for Høgre, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre 2015-2019:

1. Knut Johannes Helvik (H)
2. Gunnar Våge (Sp)
3. Leif Sverre Enes (H)
4. Otto Benjaminson (Krf)
5. Stig Håvik (H)
6. Hans Inge Myrvold (Sp)

Liste ved val av Investeringsutval for Arbeiderpartiet 2015-2019:

1. Gretha Rød (Ap)
2. Sigbjørn Øye (Ap)
3. Vibeke Fredheim Røssland (Ap)
4. Geir Tysedalsteit Dolonen-Marthinussen (Ap)

Røysting:

H/SP/KRF/V – fekk 25 røyster

Ap – fekk 10 røyster

Medlemmer vert:

1. Knut Johannes Helvik (H)

2. Gunnar Våge (Sp)
3. Leif Sverre Enes (H)
4. Otto Benjaminson (Krf)
5. Gretha Rød (Ap)

Varamedlemmer:

H/SP/KRF/V:

1. Stig Håvik (H)
2. Hans Inge Myrvold (Sp)

AP:

1. Sigbjørn Øye (Ap)
2. Vibeke Fredheim Røssland (Ap)
3. Geir Tyssedalsteit Dolonen-Marthinussen (Ap)

Gaute Lunde og Hege Lægreid Røssland (begge sosialistisk felleliste) og Johnny Håvik (Ap) sette i møtet fram krav om lovlegkontroll av vedtaket, og peikar særleg på reglane om representasjon av begge kjønn.

Kommunestyret røysta over kravet om lovlegkontroll. 25 røysta for at vedtaket vart oppretthalde, medan ti røysta mot. Kravet om lovlegkontroll vart etter dette vedteken sendt til Fylkesmannen for vidare behandling.

Fylkesmannen sine merknader

Generelt om lovlegkontroll

Lovlegkontroll er regulert i kommunelova (koml.) § 59. Kommunaldepartementet har delegert mynde til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder til Fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92.

Krav om lovlegkontroll kan setjast fram av tre eller fleire medlemmar av kommunestyret. Kravet må vere sett fram innan nærare fristar fastsett av departementet i forskrift.

Ved lovlegkontrollen skal det takast stilling til om innhaldet i avgjerda er lovleg, om den er gjort av nokon som har mynde til å gjere slik avgjerd, og om avgjerda er blitt til på lovleg måte, jf. koml. § 59 nr. 4. Fylkesmannen kan ikkje prøve kommunen si utøving av forvaltings skjøn. Dersom Fylkesmannen ved lovlegkontrollen kjem til at avgjerda er ugyldig skal ho opphevast.

Nærmare om reglane om val av faste utval

I brev av 30.11.2015 har kommunen opplyst at Investeringsutvalet er eit fast utval etter koml. § 10.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmer til faste utval. Valet skjer som forholdstalsval når minst eitt medlem krev det, jf. koml. § 35 nr. 4.

Forholdstalsval er elles regulert i koml. §§ 36 og 37, som lyder som følgjer:

§ 36 Forholdsvalg - listeforslag.

Ved forholdsvalg følges denne framgangsmåten:

1. Valg foregår på grunnlag av på forhånd innleverte lister med forslag til kandidater. Partier eller grupperinger som er representert i det velgende organ, kan bare levere ett listeforslag hver. Listen kan inneholde inntil dobbelt så mange forskjellige navn som det skal velges medlemmer. Kandidater fra et parti eller en gruppering kan bare føres opp på partiets eller grupperingens listeforslag, eller på en felleliste som utgår fra flere partier eller grupperinger.

2. Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig. Når det gjelder representasjon av begge kjønn i styret i selskaper som er eid av kommuner og fylkeskommuner i fellesskap, vises til kapittel 12 A.

3. Listeforslaget skal være underskrevet av minst ett medlem av det parti eller den gruppering som framsetter forslaget. Den som underskriver må være medlem av det velgende organ. Foreslås kandidat som kan kreve seg fritatt fra valg, skal det være innhentet samtykke fra denne.

§ 37 Forholdsvalg - valgoppgjøret.

1. Ved valgoppgjøret fordeles medlemsplassene på listene i forhold til det antall stemmesedler hver liste har fått, ved bruk av delingstall 1, 2, 3, 4 osv. Har flere lister samme kvotient, tilfaller plassen den av listene som har størst stemmetall. Har de samme stemmetall, avgjøres valget ved loddtrekning.

2. Når det er avgjort hvor mange medlemsplasser en liste vil få, foretas en ny stemmeopptelling for listens kandidater. En går fram slik:

Først telles de navn som står som nr. 1 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved denne opptellingen, er valgt. Skal listen ha mer enn én plass, teller en deretter opp de navn som står som nr. 2 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved de to opptellingene, når en ser bort fra den allerede valgte, er valgt. På samme måte fortsetter en inntil alle plasser listen skal ha er besatt, med de modifikasjoner som følger av bestemmelsen i denne paragrafs nr. 3. Hvis flere kandidater har fått like mange stemmer, anses den valgt som står først i rekkefølgen på listen.

Ved opptellingen ses bort fra andre navn enn de som står på den innleverte valgliste.

3. Viser det seg at et kjønn etter denne fremgangsmåte vil bli representert med færre medlemmer fra en liste enn det som følger av kravene i § 36 nr. 2, rykker kandidater fra det underrepresenterte kjønn så langt mulig opp på listen i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.

4. Hver liste skal såvidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer, med et tillegg av to. Varamedlemsplassene fordeles ved fortsatt opptelling på samme måte som bestemt for medlemmene i pkt. 2 og 3 ovenfor.

Krav til listeframlegga går fram av koml. § 36. Kvar liste til valet kan innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer, men det er ikkje minstekrav til kor mange kandidatar lista må ha. Parti eller grupperingar som er representerte i det veljande organet kan berre levere eitt listeforslag kvar. Kandidatar frå eitt parti eller gruppering kan berre først opp på partiet eller grupperinga sitt listeforslag, eller på ei fellesliste som går ut frå fleire parti eller grupperingar, jf. koml. § 36 nr. 1. Den einskilde lista må vidare vere i samsvar med dei krav til representasjon av begge kjønn som går fram av føresegna i koml. § 36 nr. 2. Føresegnene er absolutte. Lova gjer ikkje høve til å dispensere frå desse krava.

Dersom eitt eller fleire listeframlegg ikkje oppfyller kravet i koml. § 36 nr. 2 første og andre punktum, er heile valet ugyldig og det må haldast nytt val med lovlege lister¹.

Fylkesmannen si vurdering

Vi konstaterer innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som kan fremje krav om lovlegkontroll, jf. koml. § 59 nr. 1, og at kravet er sett fram innan den fristen som gjeld, jf. FOR-1993-01-13 nr. 4041 § 1.

Vidare konstaterer vi at vedtaket er fatta av rett organ i kommunen, og at det er sett fram krav om forholdstalsval.

Investeringsutvalet har etter «Reglement for dei politiske organa i Kvinnherad kommune 2012 -15» kap. H § 1 fem medlemmer. Kwart kjønn skal derfor etter føresegna i koml. § 36 nr. 2 andre punktum vere representert med minst to medlemmer på den enkelte liste.

Det var to lister ved valet. Felleslista Høgre, Senterpartiet, Kristeleg folkeparti og Venstre hadde seks kandidatar, alle menn. Lista frå Arbeiderpartiet hadde fire kandidatar, to kvinner og to menn.

Lista frå Arbeiderpartiet oppfyller kravet i koml. § 36 nr. 2.

Felleslista Høgre, Senterpartiet, Kristeleg folkeparti og Venstre oppfyller ikkje kravet i koml. § 36 nr. 2. Valet er derfor ugyldig, jf. dei retningslinjer som departementet har gitt i rundskriv H-12/15.

I medhald av koml. § 59 nr. 4 andre punktum vert kommunestyret sitt vedtak i sak 51/2015 derfor å oppheve.

Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje påklagast².

Vi ber Kvinnherad kommune underrette dei representantane som har fremja kravet om lovlegkontroll om dette vedtaket.

¹ Jf. Kommunaldepartementet sitt rundskriv H-12/15 pkt. 6.9, jf. pkt. 2.8

² Jf. Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 pkt. 6.1

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.